



Saksmappe: 2017/1175
Sakshandsamar: SBJ
Dato: 11.10.2021

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
25/22	Planutval	14.02.2022
11/22	Kommunestyret	17.02.2022

Høyring-Revisjon av konsesjonsvilkår for reguleringskonsesjonar i Otravassdraget

Kommunedirektøren si tilråding:

Bykle kommune sine viktigaste krav er:

- Otteraaens Brugseierforening tek alle vedlikehaldskostnader på Urevassvegen dersom den vert stengt for ålmenn ferdsel.
- Fonda til vilt/fisk/friluftsliv vert auka til 150.000 per år og i tillegg 100.000 til kommunane øvst i vassdraget.
- Villreinfond vert oppretta der ein ser alle konsesjonar i villreinområda under eitt, med innbetaling frå Otteraaens Brugseierforening slik; eingongsbeløp på 15 mill. og årleg innbetaling på 1,5 mill.

Bykle kommune sine andre krav er innarbeida i saksutgreiinga:

- Otteraaens Brugseierforening gjev eit monaleg bidrag til bru over Otra nord for Hovden fjellstoge.
- Otteraaens Brugseierforening tek ansvar for å synleggjere kraftverkshistoria ved å bidra monaleg til etablering av formidlings- og opplevingssenter i Bykle, og tilrettelegging for nasjonalt dokumentasjonssenter for vasskraft i Bykle.
- Undersøke vasskvalitet i terkselbassenga.
- Båtutsetting og trygging av ferdsel på regulerte vatn.
- Tilrettelegging av fiskeplassar og badeplassar.

Bykle kommune meiner at ein må legge OED pris for all konsesjonskraft ved konsesjonar i Otravassdraget. Kommunen stør fellesuttalen frå kommunane utarbeidd av Advokatfirmaet Lund & co, uttale frå Villreinnemnda, Setesdal Vesthei forvaltningsekretariat og Midt-Agder Friluftsråd.

Planutval si behandling av sak 25/2022 i møte den 14.02.2022:

Handsaming:

Framlegg frå Hans Blattmann (AP):

Otteraaens Brugseierforening gjev eit monaleg bidrag til bru over Otra i Midtregionen ved Ørnefjell ved golfbanen i tillegg brua ved Hovden fjellstoge.

Saka vart drøfta - tilråding og framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Bykle kommune sine viktigaste krav er:

- Otteraaens Brugseierforening tek alle vedlikehaldskostnader på Urevassvegen dersom den vert stengt for ålmenn ferdsel.
- Fonda til vilt/fisk/friluftsliv vert auka til 150.000 per år og i tillegg 100.000 til kommunane øvst i vassdraget.
- Villreinfond vert oppretta der ein ser alle konsesjonar i villreinområda under eitt, med innbetaling frå Otteraaens Brugseierforening slik; eingongsbeløp på 15 mill. og årleg innbetaling på 1,5 mill.

Bykle kommune sine andre krav er innarbeida i saksutgreiinga:

- Otteraaens Brugseierforening gjev eit monaleg bidrag til bru over Otra nord for Hovden fjellstoge samt bru over Otra ved golfbanen
- Otteraaens Brugseierforening tek ansvar for å synleggjere kraftverkshistoria ved å bidra monaleg til etablering av formidlings- og opplevingssenter i Bykle, og tilrettelegging for nasjonalt dokumentasjonsenter for vasskraft i Bykle.
- Undersøke vasskvalitet i terkselbassenga.
- Båttutsetting og trygging av ferdsel på regulerte vatn.
- Tilrettelegging av fiskeplassar og badeplassar.

Bykle kommune meiner at ein må legge OED pris for all konsesjonskraft ved konsesjonar i Otravassdraget. Kommunen stør fellesuttalen frå kommunane utarbeidd av Advokatfirmaet Lund & co, uttale frå Villreinnemnda, Setesdal Vesthei forvaltningsekretariat og Midt-Agder Friluftsråd.

Kommunestyret si behandling av sak 11/2022 i møte den 17.02.2022:

Handsaming:

Saka vart drøfta

Forslag frå Jan Dagfinn Dalen (AP):

"Presisere vedlikehald av båtslipp ved Urar"

Forslag Åsmund Hoslemo (SP):

"Minimum 30% dekning av utgifter ved kraftverksenter Sarv og bru over RV 9 ved Ørnefjell"

Kommunedirektøren si tilråding med forslaga vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Bykle kommune sine viktigaste krav er:

Otteraaens Brugseierforening tek alle vedlikehaldskostnader på Urevassvegen dersom den vert stengt for ålmenn ferdsel.

Fonda til vilt/fisk/friluftsliv vert auka til 150.000 per år og i tillegg 100.000 til kommunane øvst i vassdraget.

Villreinfond vert oppretta der ein ser alle konsesjonar i villreinområda under eitt, med innbetaling frå Otteraaens Brugseierforening slik; eingongsbeløp på 15 mill. og årleg innbetaling på 1,5 mill.

Bykle kommune sine andre krav er innarbeida i saksutgreiinga:

Otteraaens Brugseierforening gjev eit monaleg bidrag til bru over Otra nord for Hovden fjellstoge samt bru over Otra ved golfbanen

Otteraaens Brugseierforening tek ansvar for å synleggjere kraftverkshistoria ved å bidra monaleg til etablering av formidlings- og opplevingsssenter i Bykle, og tilrettelegging for nasjonalt dokumentasjonssenter for vasskraft i Bykle.

Undersøke vasskvalitet i terkselbassenga.

Båtutsetting og trygging av ferdsel på regulerte vatn.

Tilrettelegging av fiskeplassar og badeplassar.

Bykle kommune meiner at ein må legge OED pris for all konsesjonskraft ved konsesjonar i Otravassdraget. Kommunen stør fellesuttalen frå kommunane utarbeidd av Advokatfirmaet Lund & co, uttale frå Villreinnemnda, Setesdal Vesthei forvaltningsekretariat og Midt-Agder Friluftsråd.

Presisere vedlikehald av båtslipp ved Urar.

Minimum 30% dekning av utgifter ved kraftverksenter Sarv og bru over RV 9 ved Ørnefjell.

Saksutgreiing

Samandrag/ konklusjon

NVE har lagt revisjonsdokumentet frå Otteraaens Brugseierforening ut på offentlig høyring. Kommunane sine krav i samband med opning av revisjonen er omtala i dokumentet. Totalt er det meir enn 100 krav. Nokre av krava er felles for fleire kommunar og desse er kommentert i felles uttale frå kommunane. Fellesuttalen er utarbeida av advokatfirmaet Lund & Co i fellesskap med kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Kristiansand. Det er no tida for å sjå på reguleringane i Otravassdraget og dei vilkåra som er sett den tid konsesjonen vart gitt, om desse framleis er gode nok i høve til ny kunnskap og erfaringar som er gjort etter den tid reguleringa har vart vedteke.

Bakgrunn for saka

Den 15.juli 2019 vedtok Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) å opne for revisjon av konsesjonsvilkår knytta til Otteraaens Brugseierforening (OB) si regulering av Otravassdraget. Bykle kommune har spela inn innspel til revisjonsprosessen. Uttalen gjeld Otteraaens Brugseierforening sitt revisjonsdokument av 02.07.2021.

Kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Kristiansand sendte inn krav om revisjon av vilkåra for reguleringskonsesjonar i Otravassdraget 20.3.2018. NVE opna vilkårsrevisjon for Otravassdraget 5.7.2019. Revisjonsdokumentet frå Otteraaens Brugseierforening, heretter OB, vart sendt over til NVE. NVE sendte 17.8.21 høyringsdokument ut på offentlig høyring med høyringsfrist 1.12.21. Kommunane har fått utsett frist til 1.3.22.

OB har i revisjonsdokumentet vurdert kommunanes krav. Revisjonsdokumentet vart presentert av OB 10.8.21 i felles møte for kommunane.

I det følgjande må kommunen ta stilling til om OB har svart på dei innspela som er komne på ein god måte

NVE har motteke uttalar til høyringa frå institusjonar, lag mfl. Uttalar til høyringa kravsdokumentet frå kommunane og revisjonsdokument frå OB finn ein ved å følgje link under til NVE si heimeside.

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8131&type=V-1>

Vidare prosess

NVE sitt vedtak om opne for revisjon er heimla jf. vassdragsreguleringslova § 8. Saksgang for revisjon av konsesjonsvilkår i vassdrag følgjer av [Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragskonsesjoner](#) . Det er NVE som tek imot høyringsuttalane, og NVE sender desse vidare til OB for uttale. NVE kan krevje fagleg tilleggsundersøkingar eller anna fagleg relevant dokumentasjon. Ut frå innkomne krav, revisjonsdokumentet, høyringsuttalar, tilsvar frå OB m.m. utarbeider NVE ei innstilling til OED om eventuelle endringar av vilkår i konsesjonen og med forslag til nye vilkår. OED sender NVE si innstilling på ei avgrensa høyring til kommunar, fylkeskommunen, Statsforvaltaren og

Miljødirektoratet før saka avklarast mellom dei rørte departementa. Nye vilkår blir fastsett ved kongeleg resolusjon.

Formelt grunnlag

Tillatelse for Otteraaens Brugseierforening til å regulere Store og Lisle Urevatn og Ormsavatn, 1949.
Tillatelse for Otteraaens Brugseierforening til å regulere og overføre Skyvatn med Bådstogvatn i Otra i Bykle, 1957.

Tillatelse for Otteraaens Brugseierforening til å foreta regulering og overføring m.v i Otravassdraget, samt for I/S Øvre Otra til å ekspropriere grunn og rettigheter for utbygging av Brokke kraftverk 1961.

Tillatelse for I/S Øvre otra til erverv av fallrettigheter og for Otteraaens Brugseierforening til å foreta ytterligere regulering og overføring i Otravassdraget, 1974.

Tillatelse for Otteraaens Brugseierforening til fortsatt regulering av Byglandsfjorden m.m. i Otravassdraget , 2003.

Tillatelse for Otteraaens Brugseierforening og Otra kraft DA til diverse overføringer til Brokke kraftverke og erverv av vannfall og til bygging av dam Sarvsfossen og Skarg kraftverk, 2003.

Til disse tillatelsane/konsesjonane er det knytta spesifikke betingelsar/vilkår, samt også manøvreringsreglement.

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

I nokre av vilkåra er det knytt bestemningar om fond til fiske/vilt og friluftsliv, dette er dei konkrete fonda

Tillatelse etter vassdragsreguleringsloven for Otteraaens Brugeierforening til å regulere Byglandsfjorden m,m i otravassdraget, 1947.

Punkt 7.5

Årleg 15.000,- (med justering) til opphjelp av fiske og friluftsliv i kvar kommunane Kristiansand, Vennesla, Bygland, Valle, Bykle, Evje og Hornnes og Iveland

Tillatelse for Otteraaens Brugseierforening til overføring av Bestelandsåa m.fl- og Bjørnarå m fl i Bykle og Valle kommunar. 2003.

Punkt 8.5

Årleg 10.000,- (med justering) til opphjelp av fiske og friluftsliv i kvar av kommunane Valle og Bykle.

Tillatelse etter vannressursloven §8 jf-§25 for Otra Kraft til å bygge Dam Sarvsfossen og Skarg Kraftverk i Bykle kommune. 2003.

Punkt 5.5

Årleg 10.000,- (med justering) til opphjelp av fiske/vilt og friluftsliv i kvar av kommunane Valle og Bykle.

Punkt 6

Konsesjonæren pålegges å avsette et engangsbeløp på 100.000,- kr til istandsetting av vassdragsrelaterte kulturminner i Valle og Bykle kommunert

Vurderingar og konsekvensar

I OED sine retningslinjer for revisjonsarbeidet står det: «*Hovedformålet med en revisjon av vilkår vil være muligheten for å bedre miljøforholdene i regulerte vassdrag. Revisjonsadgangen er ment å innebære en modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkårene. Revisjonen skal også gi anledning til å oppheve vilkår som har vist seg urimelige, unødvendige eller uhensiktsmessige. Revisjonen gir mulighet til å sette nye vilkår for å rette opp skader og ulemper for allmenne interesser som har oppstått som følge av reguleringene. Dette er særlig aktuelt ved skader og ulemper som ikke var forutsatt på konsesjonstidspunktet eller som i dag vurderes annerledes som følge av endrede samfunnsforhold og verdsetting av miljøkvalitet.*»

Når ein revisjon av vilkår er utført, er det normalt vere 30 år til neste moglegheit for revisjon. Det er NVE som er ansvarleg myndigheit for oppfølging av dei reviderte vilkåra. Vilråa gjeve som standard naturforvaltning er det Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet som følgjer opp. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet har mynde til å pålegge nødvendige undersøkingar knytt til biologien i ferskvatn, plante- og dyreliv og friluftsliv. NVE, Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan pålegge at det utarbeidast tiltaksplanar for ulike tiltak. Pålegg om tiltak eller undersøkingar må vere knytt til skader som er forårsaka av kraftutbygginga. Kostnadane må vere rimeleg i forhold til skadeomfang og nytteverknad.

Bykle kommune sine innspel datert 07.06.2017:

Urevassvegen

OB og Bykle kommune deler no på vedlikehaldet av vegen til Store Urevatn (Urevassvegen). Bykle kommune ynskjer at OB tek vedlikehaldskostnadene åleine. Bykle kommune ynskjer vegen open for fastbuande. (Det er per i dag eit vedtak i Bykle kommune om at vegen skal stengast under føresetnad av at alle fastbuande har tilgang, men NVE har ikkje gjort endeleg vedtak i saka)

OB: Dette kan takast opp til drøfting når endeleg vedtak kjem frå NVE. OB kan vere positiv til ei anna fordeling av kostnader dersom vegen vert stengt for allmenn ferdsel.

Ein ser positivt på at dette kan kome som eit resultat etter at NVE har kome med avgjerd i saka.

Løyper

Bykle kommune lagar løypeplan og køyrer opp løyper mellom anna for å unngå å leie ferdsel over regulerte vatn. Ynskje er derfor eit årleg bidrag frå OB til løypekøyring.

OB: Dette er ikkje eit tema i denne samanheng.

Bykle kommune har måtta legge om løyper der det er usikker is, mellom anna på Hartevatn. Det er også umuleg med kryssing av Otra med ski og løypemaskinar. Dersom fonda til vilt/fisk og friluftsliv vert auka monaleg kan noko av dette brukast til løyper og kryssingar.

Kulturminne og tilrettelegging ved Dam Sarvsfossen – formidlingsansvar

Mykje kulturhistorie er gått tapt som følge av kraftutbygginga. OB bør forplikte til å bidra til formidlingsanlegg (kraftverksmuseum) eller kulturminnefond som har relevans i høve kraftutbygginga.

Bykle kommune ynskjer å tilrettelegging for opplevingscenter og informasjon om kraftutbygging ved Dam Sarvsfossen.

Vilkårsrevisjonen omfattar skadeverknadane for miljø , friluftsliv og samfunn. Revisjonane har tradisjonelt omfatta fysiske tiltak i og ved vassstrengen/magasina. I Bykle er konsekvensane av kraftutbygginga meir og meir synlege. Langtidsverknadene, at landbruket og at fjellbygda stagnerte som følge av bandlegging av heier og vassdrag, ned-demming av gardar osb syner seg meir og meir i attgroing av kulturlandskap, nedlegging av husdyrhald og vanskar med å oppretthalde foketal/busetting i fjellbygda Bykle.

Bykle næringsforeining har i dialog med Bykle kommune kome opp med framlegg om etablering av eit større opplevings- og formidlingscenter på fornybar kraft med utgangspunkt i dei største kraftanlegga i landsdelen som ein kan nytte i formidlinga lokalt, gjerne også med nasjonalt dokumentasjonscenter-funksjon kring vasskraftutbygginga i Noreg lagt til eit slikt center. Dette vil kunne kompensere noko av dei langsiktige negative samfunnsverknadene som er påført lokalsamfunnet i Bykle av konsesjonane. Det vil skape nye arbeidsplassar og høve til kunnskapsformidling, haldningsskaping kring natur, miljø, friluftsliv og vasskraft/ fornybar energi, miljø og samfunn og opplevingsaktivitetar som kan koplast mellom visningsanlegg, formidlingsbygg og guida turar i nærmiljø/natur og kulturlandskap lokalt.

OB: Det er ytt 100.000 til dette i samband med Brokke Nord og Sør og Skarg Kraftverk. Slik OB vurderer det, er det to konsesjonar som er gitt før 1960 som i denne revisjonsprosessen kan vere aktuelle for å utløyse innbetalinger av nye sektoravgifter. Dett er konsesjon frå 03.06.1949 til å regulere Store og Lisle Urevatn og Ormsavatn og konsesjon frå 28.06.1957 for løyve til å regulere og overføre Skyvatn med Bådstogvatn.

Dersom dette betyr at dette er midlar som kan gå til kulturminne lokalt er det positivt, er det meininga at slike midlar alltid går til Riksantikvaren vil det berre kom dei til gode som kan søkje midlar derifrå. Bykle kommune er positive til eit lokalt fond. På grunn av dei store samfunnseffektane kraftutbygginga har hatt i Setesdal og særleg i Bykle meiner ein at formidling om kraftutbygging er noko OB bør bidra til.

Det blir krav om monaleg bidrag til etablering av opplevings- og formidlingscenter og nasjonalt dokumentasjonscenter for vasskraft i Bykle.

Vasskvalitet i terskelbasseng må undersøkast

Terskelbasseng er viktige fiskeplassar og det er viktig at der er gode levevilkår for aure. Bykle kommune har meint at det er viktig at levevilkår for aure i terskelbassenga vert undersøkt.

OB: Det vises til rapport om prøvefiske i Otra på strekninga Hartevatn- Ose 201-2015, der det vert rapportert om ei positiv utvikling av aure bestanden i hovudelva.

Bykle kommune ynskjer vidare dialog om dette i samband med tilrettelegging for fiske.

Båtutsetting på regulerte vatn og vassdrag.

Det er viktig at dei båtutsetta som i dag er bygd blir vedlikehalde og gjerne forbedra slik at ålmenta har god tilgang, særleg ved Urevatn der det er båtutsett til utleigehytter og fiske i Bykle Statsålmønning , og også ved Nesland.

OB: Båtslippen ved Urevatn vart bygd av Bykle Fjellstyre. OB har også behov for slippen og kan vere villig til å delta økonomisk etter ei nærare vurdering.

Ein ser positivt på at dette kan sjåast på i felleskap.

Trygg ferdsel med båt på regulerte fjellmagasin.

Bykle kommune ser det som viktig at ferdsel på store regulerte vatn kan skje på ein trygg og forsvarleg måte, og be OB sjå på tiltak som kan betre tryggleiken i høve til sikringsbuer og mobildekning. Det er også viktig med varslingsrutinar ved store endringar i vasstand.

Dette er ikkje spela inn tidlegare.

Bykle kommune ynskjer fleire tilrettelagde fiskeplassar og badeplassar.

Det er i kommuneplanen lagt inn fiskeplassar ved Hoslemohylen og Lomehylen. Desse ligg også på strekninga der det no vert utarbeidd reguleringsplan for utbetring av riksveg 9. Dette kunne ein ha sett på i den samanheng for å utnytta ressursar i fellesskap.

OB: Etter OB si meining er det berre dersom reguleringa har medført endringar som gjer dette vanskeleg, at dei kan vere med og legge til rette. Tilrettelegging vil kunne takast gjennom standard naturforvaltingsvilkår, og ikkje revisjon av konsesjonsvilkår.

Bykle kommune ynskjer vidare dialog om dette for å kunne sjå på mulege løysingar.

Farleg kryssing av Otra ved Hovden sentrum

Bykle kommune har via Lund og Co, etter synfaring teke opp dette med risiko ved kryssing av Otra og eventuell bru over Otra ved skisenteret.

OB: OB kjem med forslag om å minke minstevassføring vinterstid.

Dette vil hjelpe på djupa i elva, men ikkje på den «holete strukturen» som er i elva. Det er også viktig at dette ikkje får andre utilsikta konsekvensar lenger ned i vassdraget som til dømes uttørking av gyteplassar. Bykle kommune må få ei fagleg uttale frå fiskebiolog før dette kan realiserast.

Dette er ikkje eit naturleg kryssingspunkt for å kome frå skisenteret til sentrum, sjølv om det kan bli brukt. Som resultat av at elva er usikker å krysse heile vinteren ynskje ein heller at det kan bli realisert ei bru nord for Hovden Fjellstoge som bind saman traseane på aust og vestsida av riksvegen. Dette ligg inne i kommuneplanen, men er ikkje fullt finansiert.

Bykle kommune ynskjer at det vert oppretta Villreinfond

Ein ser frå andre revisjonar at dette er nemnt. Bykle kommune har store delar av heiområda bandlagt på grunn av villrein og har derfor måtte ta eit stort ansvar for å ta vare på leveområde til Europas særlegaste villreinstamme. Mange av fokusområda i GPS merkeprosjektet er i denne kommunen, til dømes Urevassvegen og Steinsbuskardet. Villreinfondet må ha hovudfokuset er å prøve ut avbøtande tiltak ut frå det kunnskapsgrunnlaget ein har.

Bykle kommune vil stø uttalen frå SVR når det gjeld dette punktet.

Villreinnemnda si handsaming

Samrøystes vedtak i villreinnemnda:

Vedtak

Setesdal Ryfylke villreinområde er sterkt prega av vasskraftutbyggingar. Reguleringa av Otravassdraget er ein sentral del av dette bilde. Her er problem knyt til brotne trekkvegar, beiteareal som er neddemt, forstyringar frå infrastruktur, og sekundæreffektar knyt til fritidsbruk og stiar med utgangspunkt i anleggsvegar.

Endringane i villreinen sin bruk av areala aust for Blåsjø er tydelege. Det er openbart at endringane i arealbruken er eit resultat av summen av menneskelege inngrep og aktivitet. «Villreinkartet» er teikna om.

Når det gjeld arealforvaltninga har ein betydelege utfordringar med å skjerme allereie marginale trekkpassasjar mot ytterlegare menneskeleg ferdsel. Framtidige tiltak handlar om å legge forholda til rette for ei robust utvikling som kan handtere endringar i ferdsel og bruk.

Jamfør kunnskapsgrunnlaget er det foreslått store og små tiltak for å betre tilstanden for villreinen i åra framover. Det er naturleg at mange av desse blir gjennomført som frivillige tiltak, eller alternativt som pålegg etter standard naturforvaltningsvilkår.

I Setesdal Ryfylke villreinområde er det likevel ikkje slik at det alltid er lett å vise til kven som «eig» problema. Den menneskelege påverknaden i villreinområde svært kompleks. Påverknad frå vasskrafta er ein sentral del av dette bilde. Ein nøkkel for å kunne iverksette gode tiltak er å sjå villreinområdet som heilheit, og ikkje for den enkelte vilkårsrevisjon isolert. Ein må sjå på samla belastning og moglege tiltak på bakgrunn av faglege anbefalingar.

Villreinnemnda foreslår at det blir sett vilkår om at det skal avsettast midlar i eit villreinfond eller som årleg tilskott. Nemnda vil vise til prinsippa som OED nytta i vilkårsrevisjon for Aurareguleringa og Hemsilreguleringa. Innbetalinga må vere stor nok til at det gis ein realistisk moglegheit for å gjennomføre aktuelle prosjekt og tiltak. Robuste tiltak for villreinen i Setesdal Ryfylke vil kunne koste fleire 10-talls millionar kroner. Jamfør dei konsekvensane reguleringa av Otravassdraget har hatt for villreinen, bør bidraget frå konsesjonæren speile dette.

Uttale frå Midt-Agder friluftsråd

Midt-Agder friluftsråd fremmer ideen om eit friluftsfond på årleg 750.000.- kr samla til kommunane som vert forvalta i eit felles styre.

For utvikling av sykkelrute 3 er det viktig å få samanheng og opplevingar langs ruta. I tillegg trekker dei fram rundløype rundt Hartevatn som aktuelt supplement.

Andre innspel frå MAF:

Utvikle Sarvsfossen rasteplass.

Etablere fiskeplass for funksjonshemma ved Hegni, og sjå dette saman med plan for Hegni.

Etablere fiskeplass ved Hoslemohylen.

Etablere fiskeplass ved Hoslemohylen.

Etablere bru over Otra nord for Fjellstoga for å kunne krysse Otra vinterstid med løypemaskin.

Uttale frå Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane forvaltningsekretariat

Uttalen i sin heilskap kan lesast i vedlegget.

SVR har vist til revisjonsak for Auravassdraget og Hemsil ref.kgl res av 21.06.2021. Verneområdestyret ber OB betale inn 15 mill. til eit villreinfond, og årleg innbetaling på 1,5 mill fram til neste vilkårsrevisjon. Dei nemner at ein må sjå alle konsesjonane og vilkårsrevisjonar under eitt og nemner 70 mill som ein samla sum for eit villreinfond.

Det er oppretta ei referansegruppe for avbøtande tiltak på møte i Bykle den 20.10.2021.

Uttale frå Lund § Co

Advokatfirmaet Lund § Co har sendt høyringsuttale på vegne av alle kommunane og ligg vedlagt saka. Det som er generelt og viktig for Bykle blir oppsummert her, men for å få eit heilskapleg inntrykk av revisjonsaka, bør vedlegget lesast.

Revisjon av konsesjonsvilkår gjeld mange ulike konsesjonar, men bør handsamast under eitt.

Punkt 1.4

Vertskommunene krever at de samlede effekter av alle kraftanlegg i Otra utredes grundig i tråd med prinsippet om best mulig kunnskapsgrunnlag, naturmangfoldloven § 8, og prinsippet om samlet belastning og økosystemtilnærming, naturmangfoldloven § 10.

Mange av skadeverknadene av reguleringane vart slik ein hadde forventa, hevdar OB.

Punkt 2

Revisjonen av konsesjonsvilkårene i Otra skal følgelig ha som siktemål å føre til en oppdatering/modernisering av betingelsene slik at de tilfredsstill de vilkårene man ville sette ved en tilsvarende reguleringstillatelse i dag. Etter kommunens oppfatning er det derfor en vesentlig del av revisjonen at alle miljøkonsekvenser vurderes uavhengig av om de var kjent eller ikke på reguleringstidspunktet.

Konsesjonsvilkåra skal oppgraderast i tråd med standard naturforvaltingsvilkår. Dette vil i dei fleste tilfella gå via sektormyndigheitene og ta lang tid.

Punkt 4.1

Når konsesjonsmyndigheten har hjemmel til å fastsette nye vilkår direkte i konsesjonen i forbindelse med revisjonsprosessen, må denne muligheten benyttes når revisjonssaken er oppe til behandling og ikke henvises til at det kan tas opp i et standard naturforvaltningsvilkår.

OB har og vil gi positive bidrag til avbøtande tiltak når det gjeld villrein, men eit villreinfond vil kunne få til fleire avbøtande tiltak som monner.

Punkt 4.5

Kommunene støtter Villreinnemnda sin vurdering om at en nøkkel for å kunne iverksette gode tiltak er å se villreinområdet som helhet, og ikke for den enkelte vilkårsrevisjon isolert. Kommunene støtter på denne bakgrunn også kravet fra Villreinnemnda om at det opprettes et villreinfond som kan brukes til å finansiere nødvendige utredninger av vassdragsutbyggingens konsekvenser for villrein og gjennomføring av prioriterte avbøtende tiltak i hele villreinområdet. Kommunene ber konsesjonsmyndigheten om å fastsette at OB betaler et engangsbeløp på kr 15 millioner til fondet, i

tillegg til en årlig innbetaling på kr 1,5 millioner fram til neste vilkårsrevisjon, for å ivareta villreinbestanden i området, slik det for eksempel ble gjort i kongelig resolusjon 23. juni 2021 om Hemsilvassdraget mv.

4.6 Kartlegging av eksisterande kulturminne

To av konsesjonene som er omfattet av revisjonssaken, er gitt før 1960, dvs. konsesjonen datert 3. juni 1949 for tillatelse til å regulere Store og Lisle Urarvatn og Ormsavatn og konsesjonen datert 28. juni 1957 for tillatelse til å regulere og overføre Skyvatn med Båstogvatn. Kommunene ber om at det i tråd med standardvilkårene inntas bestemmelser om automatisk fredete kulturminner i konsesjonene, herunder krav om innbetaling av engangsbeløp til kulturminnevern i vassdrag (sektoravgift).

4.7 OED pris for all konsesjonskraft ved konsesjonar i Otravassdraget

Kommunene mener det er et rimelig krav at prisgrunnlaget for konsesjonskraft endres til OED-pris for samtlige konsesjoner. Dette vil bli et enklere regime å forholde seg til for alle parter. I tillegg slipper kommunene å selge kraft med tap når prisene i kraftmarkedet er lav. Kommunene ber derfor om at vilkåret om konsesjonskraft endres i de to konsesjonene til ordlyden i dagens standardvilkår som lyder: «Prisen på kraften fastsettes basert på gjennomsnittlig selvkost for et representativt antall vannkraftverk i hele landet.»

5.3 Fond til fremme av fiske, vilt og friluftsliv

På bakgrunn av de utfordringer som er beskrevet i kravsdokumentet, mener kommunene at det må avsettes midler til et fond for opphjelv av fiske, vilt og friluftsliv i kommunene ved årlige utbetalinger til hver av kommunene på kr 150 000, og ytterligere kr 100 000 til kommunene øverst i vassdraget.

Som det er vist før mottok Bykle 35.000,- til fiske/vilt og friluftsliv. Dette er lite når ein ser på inngrepa som er gjort og verdien av kraftproduksjonen.

Tilhøve til kommuneplanen

Nokre tiltak ein ynskjer å få gjennomført ligg inne i kommuneplanen.

Oppsummering

Bykle er ein kommune som har mange av dei største vasskraftmagasina. Dette har skapt store hindringar for villrein i heiane. Når ein ser på utbetalinga til tiltak for vilt/fisk og friluftsliv er det eit stor sprik mellom det som vert utbetalt i dag og det som er foreslått i ulike nye fond.

Her meiner vi regulanten må bidra meir enn i dag.

Når det gjeld dei store problema vi ser lenger sør i vassdraget, til dømes krypsiv, har vi per i dag ingen store problem med det, men meiner dette er viktige problemområde som må takast alvorleg.

Bykle, 21.01.2022

Kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 REVISJONSDOKUMENT-OTRA-HØRING-291121.pdf
- 2 Uttale til revisjonsdokument for reguleringane i Otravassdraget.pdf
- 3 Sak 18-21 Vilårsrevisjon høring Otrareguleringa.pdf
- 4 REVISJONSDOKUMENT-OTRA-HØRING-291121.pdf
- 5 svr_uttale
- 6 Revisjonsdokument
- 7 vedlegg til Revisjonsdokument
- 8 2508078
- 9 2356030
- 1 3424217
- 0
- 1 3424216
- 1
- 1 Høyringsbrev.PDF
- 2
- 1 Revisjonsdokument på høyring - Otravassdraget
- 3
- 1 kunngjering av revisjonsdokument.PDF
- 4
- 1 2022-01-24 Høringinnspill vertskommunene felles_lundogco
- 5

Melding om vedtak blir sendt til: NVE